

# Nordhordland folketal og demografi 01.01.2019



Nordhordland Utviklingselskap IKS

## Innleiing

**I Nordhordland er folketalet nesten uendra i 2018. Det auka med 0,1 % og det er litt lågare enn for landet totalt der auken var 0,6 %.**

Årsaka til at der ikkje er nokon vesentleg endring i folketalet er (+31):

- Nettoinnflytting er negativ (-122) fleire flytta ut enn inn til regionen
- Fødselsoverskottet er litt lågare (+153) enn det har vore dei siste 5 åra

Dette notatet viser kort korleis utviklinga i folketalet har vore i Nordhordland frå år 01.01.2000 til 01.01.2019. I tillegg til folketalet er det også sett på den demografiske utviklinga i regionen. Det er også nytta tal frå SSB sin prognose for folketalet framover.

Der ikkje årstal er nemnt så er det 01.01.2019 som det er meint. Tala er henta frå SSB.


Har valt i ein del tabellar å vise samla tal for nye Alver kommune, Osterøy for seg sjølv og dei andre kommunane som «Rest Nordhordland».

## Folketal - utvikling


Folketalet i regionen har auka med 21 % sidan 2000, det er meir enn gjennomsnittet for landet (19 %). Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein vekst på 53 % - høgast i fylket, men også i Lindås har auken vore stor. Dei minste kommunane med unntak av Modalen har ein reduksjon i folketalet når ein ser på heile perioden frå 2000 til 2019. Året 2018 føl trenden frå 2017 med ein lav vekst i folketalet, det gjeld også for landet totalt. Den låge auken skuldast først og fremst at nettoinnflytting til regionen negativ med 122, det er historisk lågt.

	Folketal 01.01. i åra						Folketal - 2019 i % av		
	2000	2005	2010	2015	2018	2019	2000	2010	2018
1252 Modalen	354	361	344	378	380	380	107 %	110 %	100,0 %
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 842	8 125	8 120	116 %	109 %	99,9 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 079	8 187	153 %	123 %	101,3 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 129	5 091	111 %	106 %	99,3 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	15 789	15 812	127 %	111 %	100,1 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	2 902	2 887	114 %	105 %	99,5 %
1265 Fedje	682	661	594	563	561	562	82 %	95 %	100,2 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 730	1 711	96 %	105 %	98,9 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 345	2 322	93 %	101 %	99,0 %
<b>Nordhordland</b>	<b>37 262</b>	<b>38 468</b>	<b>40 776</b>	<b>43 830</b>	<b>45 040</b>	<b>45 072</b>	<b>121 %</b>	<b>111 %</b>	<b>100,1 %</b>
Hordaland	433 932	450 348	479 185	511 357	522 539	524 495	121 %	109 %	100,4 %
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 165 802	5 295 619	5 328 212	119 %	110 %	100,6 %

Dei kommunane som har større vekst enn landet - er lysegrønne felt




Endring i folketallet i 2018				
Kommune	Netto-innflytting inkl. inn- og utvandring	Fødsels-overskot	Netto endring	Folketalet ved utgangen av året
1256 Meland	42	66	108	8 187
1263 Lindås	(22)	45	23	15 812
1265 Fedje	4	(3)	1	562
1252 Modalen	-	-	-	380
1253 Osterøy	(32)	27	(5)	8 120
1264 Austrheim	(13)	(2)	(15)	2 887
1266 Masfjorden	(21)	1	(20)	1 711
1411 Gulen	(21)	(2)	(23)	2 322
1260 Radøy	(59)	21	(38)	5 091
<b>Totalsum</b>	<b>(122)</b>	<b>153</b>	<b>31</b>	<b>45 072</b>



SSB sin prognose (middels vekst) frå 2018 er prognosen for folketalet i 2025 i Nordhordland 48.000, ein auke på 3.000 samanlikna med i dag. Veksten har stoppa opp så SSB sin prognose frå 2018 kan synes å vere for optimistisk med dagens trend sjølv om den er redusert samanlikna med den frå 2016.

Bergen har over 50 % av folketalet i Hordaland. Veksten i Bergen i 2018 var på 0,5 %, nesten på nivå med landet - 0,6 %. Dersom veksten i Bergen held seg låg er det grunn til å rekne med at veksten i kommunane rundt Bergen også i vil avta.

Folketal 01.01. og SSB sin prognose fram til 2040											
	2000	2005	2010	2015	2018	2020	2025	2030	2035	2040	
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	15 789	16 676	17 784	18 858	19 771	20 562	
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 842	8 125	8 449	8 964	9 437	9 842	10 233	
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 079	8 717	9 700	10 633	11 479	12 249	
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 129	5 303	5 521	5 705	5 854	5 965	
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	2 902	3 048	3 243	3 404	3 540	3 659	
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 345	2 420	2 465	2 509	2 571	2 629	
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 730	1 700	1 701	1 715	1 701	1 702	
1265 Fedje	682	661	594	563	561	556	545	538	534	517	
1252 Modalen	354	361	344	378	380	394	410	430	434	453	
Nordhordland	37 262	38 468	40 776	43 830	45 040	47 263	50 333	53 229	55 726	57 969	



I Nye Øygarden – er det kommunane – Øygarden, Fjell og Sund.

## Demografi og utvikling

Vekstkommunane har ein ung befolkning. Dei kommunane som har slitt med fallande folketal har ein eldre befolkning. Den gruppa som er 15 år og yngre utgjer 21 % i regionen totalt.


Meland har den høgaste andelen med 24.

I den aldersgruppa som som føder barn – 21 – 40 år, så har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet.

For dei som er 68 år og eldre så er Nordhordland totalt ganske likt landet, men der er store forskjellar mellom kommunane. For nokon av kommunane utgjer denne gruppa nærare 20 %, mens for Alver er det om lag 14 %.



	% andel i dei ulike aldersgruppene						
	0 - 5	6 - 15	16 - 20	21 - 40	41 - 67	68 - 79	80 +
Rest Nordhordland	6 %	13 %	7 %	21 %	35 %	13 %	6 %
Osterøy	8 %	13 %	7 %	25 %	33 %	10 %	5 %
Alver	8 %	14 %	7 %	24 %	34 %	10 %	4 %
Nordhordland	7 %	13 %	7 %	24 %	34 %	11 %	4 %
Hordaland	7 %	12 %	6 %	28 %	33 %	9 %	4 %
Landet totalt	7 %	12 %	6 %	27 %	34 %	10 %	4 %
	Grønt - høgare enn landet					Raudt - høgare enn landet	

Når ein ser Nordhordland samla så vert aldersfordelinga ganske normalt samanlikna med landet totalt. Det vi skal merke oss er at vi har ein lågare andel av aldersgruppa 21 – 40 år noko som gjer at vi er avhengig av ei netto tilflytting av dei som er i gruppa 30 – 40.




For aldersgruppa 80 + er det forventa uendra utvikling fram til 2020, i 2025 er der forventa ein auke på 20 % og i 2030 er der forventa auke på over 65 % samanlikna med i dag. Det er store forskjellar mellom kommunane. I dei minste kommunane må ein vere litt forsiktig med å bruke % tala for sterkt. Andelen av dei som er 80 + har vore oppe i 5 %, no er den nede i 4 %. Frå 2025 vil andelen stige og det gjer at ein kan forvente at større del av kommunen sin ressursbruk må gå til denne aldersgruppa. Det er grunn til å merke seg den store auken i Alver.

80 år og eldre - året 01.01.2019 = 100 %	2000	2005	2010	2015	2019	2020	2025	2030	2035	2040
Rest Nordhordland	104 %	101 %	94 %	99 %	100 %	103 %	117 %	148 %	165 %	183 %
Osterøy	103 %	109 %	112 %	101 %	100 %	105 %	116 %	155 %	184 %	211 %
Alver	87 %	97 %	96 %	98 %	100 %	101 %	126 %	180 %	229 %	259 %
Nordhordland	94 %	101 %	99 %	99 %	100 %	102 %	122 %	168 %	204 %	231 %
Hordaland	84 %	92 %	95 %	97 %	100 %	101 %	118 %	153 %	182 %	209 %
Landet totalt	84 %	94 %	97 %	98 %	100 %	102 %	121 %	159 %	188 %	214 %






Den yrkesaktive delen av befolkninga – 21 – 67 år i forhold til dei som er 68 år og eldre vil vere langt lågare i 2030 enn i 2019. I 2019 er forholdstalet 5,7 i Nordhordland, det er litt lågare enn for landet totalt (6,1). Alver er om lag på same nivå som landet. I 2030 er det forventa eit forholdstal under 4 i mange av kommunane. Når ein så reduserer for dei som ikkje er i jobb i denne aldersgruppa (uføretrygda, førtidspensjonerte, arbeidsledige) så vil det i nokon av kommunane vere ein svært låg andel av befolkninga som er yrkesaktive.



For aldersgruppa som går i grunnskulen har det vore ein auke sidan 2010 i regionen, men denne auke har bare skjedd i Alver. I resten av regionen har det vore ein reduksjon.

6-15 år				I % av 2010		
	2010	2015	2019	2010	2015	2019
Rest Nordhordland	1 041	968	984	100 %	93 %	95 %
Osterøy	1 090	1 048	1 024	100 %	96 %	94 %
Alver	3 704	3 908	4 059	100 %	106 %	110 %
Nordhordland	5 835	5 924	6 067	100 %	102 %	104 %
Hordaland	62 486	62 913	64 184	100 %	101 %	103 %
Landet totalt	617 745	622 464	641 465	100 %	101 %	104 %

Når ein ser på tal barn i dei ulike aldrane frå 0 til og med 15 år så er der ein fallande tendens. Med mindre nettotilflytting kan det bli færre tal barn i skulen framover.





Når ein slår saman aldersgruppene i 5 års bolkar (1 – 5 år, 6 – 10 år og 11 – 15 år) og samanliknar utviklinga i forhold til dei som er 11 – 15 år så har Osterøy fleire i aldersgruppa 1 – 5 år. Dei andre kommunane har færre i den aldersgruppa 1-5 enn i gruppa 11 – 15 år, noko som også gjeld for Hordaland og landet.

Det synkende elevtalet som er i «Rest Nordhordland» kan gi utfordringar med omsyn til å ha ein ressursbruk i skulen som er økonomisk forsvarleg og ha eit fagmiljø og elevmiljø.

	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	% av dei som er 11 - 15 år	
				1 - 5 år	6 - 10 år
Rest Nordhordland	404	473	511	79 %	93 %
Osterøy	531	509	515	103 %	99 %
Alver	1 891	2 083	1 976	96 %	105 %
<b>Nordhordland</b>	<b>2 826</b>	<b>3 065</b>	<b>3 002</b>	<b>94 %</b>	<b>102 %</b>
Hordaland	31 243	32 719	31 465	99 %	104 %
Landet totalt	300 748	324 404	317 061	95 %	102 %

Andel kvinner i alderen 21 – 40 år seier noko om kva ein kan forvente av fødslar framover. I Nordhordland er gjennomsnittet under det som er for landet og Hordaland.



Tal barn i regionen som er under 1 år 01.01.19 (født i 2018) er det lågaste talet sidan 01.01.2012. For landet totalt har det vore ein jamt fallande kurve sidan 2010.

